

# Årsmelding for Vikøy sokneråd 2017



## Samansetnaden av Vikøy sokneråd 2017.

Ingvill Sørheim (leiar)  
Odd Øygarden (nestleiar)  
Edmund Tolo (skrivar)  
Eimund Solsvik (kasserar)  
Kari Bente Valland Træbakken  
Rebecca Opsahl-Engen (permisjon fram til 1.8.17). Siri Moripen Øverland har møtt som fast medlem fram til 1.8.17.  
Astrid Helleve Fylkesnes  
Gudrun Skeie Langeland  
Sokneprest Roar Strømme



## Varamedlemer

Siri Moripen Øverland (1. vara, møter fast i soknerådet)  
Arvid Strømme  
Arnfinn Hopland  
Elin Feste  
Herdis Austevoll

## Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

## Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellestråd

Ingvill Sørheim – Personleg vara: Astrid Helleve Fylkesnes  
Odd Øygarden – Personleg vara: Eimund Solsvik

## Andre faste oppgåver

Kjøkkenansvarleg: Berit Skutlaberg. Ho held fram vidare.  
Soknerådet sin representant i Føremiddagstreffet: Helga Synnøve Sørhus  
Kontaktpersonar for Kirkens Nødhjelp: Marna Roer/Ingvill Sørheim  
Bibelkontakt for soknerådet: Gudrun Skeie Langeland.  
Soknerådet sin representant i representantskapet til Kirkens SOS Bjørgvin: Kari Bente Valland Træbakken

## Soknerådet sitt arbeid:

Soknerådet har hatt 9 (9) soknerådsmøte og 9 (8) arbeidsutvalsmøte i 2017. Kyrkjelyden er blitt invitert til årsmøte i mars.

53 (54) små og store saker er blitt handsama. Av viktige saker kan nemnast:

Årsmelding og rekneskap  
Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/trusopplæringa  
Offersøknader  
Kyrkjekaffiar, minnesamvær, tilstellingar (t.d. konfirmantfesten)

Fasteaksjonen

Medarbeidarfest januar 2017

Diakoniplanarbeidet

Reformasjonsjubileet: fire eigne temagudstenester og ei fellesfeiring i Nhs kyrkje 31. okt. Føredrag med Gunnar Innerdal om tema: «Oppdaga Luther noko det var verdt å ta vare på?»

Visitasførebuingar. 28.05-03.06.18 kjem biskopen på visitas i Kvam. Det skal utarbeidast eit visitasprogram og skrivast ei visitasmelding der ein skildrar ulike sider ved Kvam med omsyn til demografi, næringsliv, idrett og kultur og kyrkjelydslivet.

Olav Skeie Lid (kyrkjeverje) har vore med på eit soknerådsmøte og snakka om trusopplæringa og stillingane knytt til dette i kyrkjene i Kvam. Trusopplæringsplanen som er vedteken, er ambisiøs med tiltak i alle årsklassar. Med ein slik plan kan det, i følge kyrkjeverja, vere behov for tilskot i form av større stillingar eller frivillig innsats for at dette skal gå opp. For å løysa dette no har ein gått saman om t.d. «Lys vaken» for 5.klassingar i Øystese og Norheimsund i Norheimsund kyrkje og «Tårnagentar» for 8-åringane i desse to bygdene i Øystese kyrkje.

### **Tilsette/staben i Vikøy sokn:**

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Olav Skeie Lid.

Kontorsekretær: Anne Kari Sørheim

Sokneprest: Roar Strømme

Kateket: Marna Roer.

Konfirmantlærarassistert: Laila Bergsagel (våren 2017), slutta mai 2017.

Kyrkjelydspedagog: Lina Valland Lyngset (50%, uløna permisjon. Ho har sagt opp stillinga si frå 1.8.17).

Bjørnar Sangolt har sagt opp stillinga si frå 1.8.17.

Solveig Lønning Sangolt er tilsett frå 1. august 2017, 50 % stilling. Kyrkjelydspedagog.

Organistar: Margrete Lid Kjosås (permisjon frå 1.8.17-30.7.2018) og Sevinj Asgarova (permisjon frå 1.5.17 til og med juli 2018; denne vert forlenga). Nancy Sangolt er tilsett i vikariat 80 % stilling som organist og 20% som konfirmatlærar. Torgeir Kinne Solvik er tilsett i vikariat som organist i 80% stilling.

Kyrkjetenar: Gebrebrhan Geremeskel (pensjonist frå 1.1.18). Vidar Eik er i dag tilsett i engasjement som kyrkjetenar i Vikøy fram til 30. juni 2018.

Arbeidsleiar på kyrkjegarden: Thor-Erik Eitrheim Aga sa opp si stilling med verknad frå 1.1.2018.

Heine Ugletveit er tilsett som kyrkjegardsarbeidar frå 15. nov 2017

Hallvard Laupsa er tilsett frå 1. april 2017 som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

### **Frivillige medarbeidarar (frivillige innanfor diakoni og sundagsskule er omtalt seinare):**

Om lag 70 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja. 33 (23) personar har gjort teneste som klokkar, medhjelpar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene.

Fleire har delteke med song og musikk.

19 (18) personar har vore faste medhjelparar på kjøkkenet ved minnestunder. Desse er delt i to grupper som har ansvar for kvar sine minnesamvær.

Ein person har teke på seg å ordna med blom på alteret i Norheimsund kyrkje på høgtidsdagar.

To personar hengjer opp plakatar i Norheimsund og Vikøy når det er gudstenester.

### **Arbeidet i kyrkjelyden (2016-tal står i parentes)**

Det blei halde 34 (31) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 5770 (5885) personar til stades. Utanom dette har det vorte halde 5 gudstenester utanom sundagar og helgedagar 575 personar har møtt fram. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar. Til saman utgjer dette 39 gudstenester totalt med eit oppmøte på 6345 (6360) personar. Gjennomsnittleg frammøte på vanlege

gudstenester ligg på 170 (190) personar.

37 (42) er blitt døypte, og 33 (37) ungdommar blei konfirmerte. 8 (12) par er blitt vigde, og 38 (32) personar er blitt gravlagde.

September 2017 var medlemmer frå alle dei fire sokneråda i Kvam i tillegg til kyrkjevevje, prestar og organistar inviterte til ei felles samling med tema på gudstenestefeiringa. Roar Strømme hadde ein gjennomgang og ein presentasjon av sjølve gudstenestefeiringa. Kvelden vart avslutta med eit måltid mat, samtale og diskusjon omkring temaet og ei kort kveldsbøn i kyrkja.

### **Trusopplæringa**

Dåpsborna får ein dåpsklut frå Madagaskar og ei innramma kveldsbøn som gåve.

Både vår og haust 2017 arrangerte kyrkjelyden babysong med 21 deltakarar (75 %) og småbarnstreff (1-6 år) med ca. 11 deltakarar (5,34%). På vårparten kom 23 3-åringar på «Krølletreff» (74 % av borna i målgruppa), og 31 4-åringar (84 %) kom på familiegudsteneste og takka ja til boka si. 18 barn (72%) fekk utdelt 6-årsboka på gudsteneste i haust. I februar 2017 arrangerte kyrkja også ein «soveposekonsert» med 19 deltaktakarar (59%). Hausten 2017 var det planlagt ein Legoklubb for 7-åringar saman med Junior-Ving på bedehuset. Grunna stort årskull og mange barn på Ving hausten 2017, er arrangementet utsett til våren 2018. For 11-åringar laga ein i stand kinokveld med visning av filmen Narnia. Der møtte 19 deltakarar opp, 48 % av borna i målgruppa.

Sundagsskulen sitt arbeid «Sprell levande» har vore eit populært tilbod for born (og foreldre) under gudstenestene. Om lag 20-30 barn i alderen 0-10 år møter opp på desse samlingane. Om lag 5 faste personar har vore med på å drive sundagsskulen siste året. Vi har denne hausten prøvd å aldersdele gruppa, for å legge meir tilrette for dei større barna. Vi ser at utfordringa her er å ha nok leiarar for å få dette til. Dette året har søndagsskulen konsentrert seg om «vanleg» søndagsskuleaktivitet, og har dermed ikkje arrangert noko utanom dei vanlege samlingane. Søndagsskulen ønsker at barna gjerne skal ha meir kontakt med resten av kyrkjelyden, og vi jobbar med ulike tankar rundt dette.

I februar blei 8-åringane inviterte til arrangementet «Tårnagentane». Her deltok 15 (13) barn, 52% (32%) av borna i målgruppa. I november vart alle 5. klassingar i soknet invitert til «Lys vaken», eit opplegg med overnatting i Norheimsund kyrkje. 23 (16) born deltok - det utgjør 63% (38%) av borna i målgruppa – og mange vaksne og ungdommar bidrog på begge desse arrangementa. Ragnhild og Tore Skeie fortale frå tida si i Nepal, og borna tykte dette var spennande, ikkje minst dette med jordskjelv og høge fjell.

Me nemner også spesielt kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med barnehage og skule. Kyrkja har hatt 6 (13) barnehagegrupper på besøk fordelt på 18 avdelingar. 6 (6) ulike skuleklassar har hatt besøk av kyrkja. Det har vore 2 skulegudstenester før jul (335 deltakarar).

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo, KRIK, Junior-Ving og barnekora Shine og Kvam Soul Children i tillegg til Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Kora deltek ved ulike høve i gudstenestene, t.d. familiegudstenester og på lysmesse og Storsamlingar/Samling for alle.

Skuleåret 2016-2017 hadde Vikøy sokn 33 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til april til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. I tillegg har dei møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Dei fleste konfirmantane har vore på konfirmantleir i Etne eller delteke på andre arrangement (t.d. Ungdomskoret sin turne). Konfirmantar og foreldre gjorde ein flott jobb i samband med Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

2. november hadde konfirmantane besøk av eit team frå Skjærgårdsgospel om ettermiddagen og kvelden. Tilbakemeldingane frå konfirmantane var gode, og dei som stod for det, var også nøgde med arrangementet. I desember deltok dei på lysmessa.

Soknerådet er med og betaler løn, kr 30.000, til dirigenten i Norheimsund og Øystese ungdomskor.

Som nemnt innleiingsvis er «Trusopplæringsplanen» for barn og unge i alderen 0-18 år ambisiøs og omfattande. Siste året har ein fått ikkje sett i gang nye tiltak, men halde i gang dei tiltaka ein har hatt før og utvikla desse.

### **Diakonalt arbeid**

Føremiddagstreffet har hatt 5 (7) medlemmer i arrangementskomiteen.

I 2017 vart det arrangert 7 treff, eit treff kvar 3. torsdag i månaden i vinterhalvåret. Inviterte gjestar har presentert ulike tema. Av tema som har vore på treffa, kan ein nemna «Bakstekonene», «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne – kva er det», «Brannvern og El-tilsyn», «Bernt Støylen og samlediktinga hans», «Song, dikt og musikk v/elevar på Friskulen» og «Å oppleve Nepal». Det har møtt mellom 50-60 personar på treffa.

I mai 2017 vart det arrangert tur til Eksingedalen. Denne turen var fullteikna og svært innhaldsrik.

I samband med gudstenesta fastelavenssundag, tilrettelagt for menneske med nedsett kognitiv funksjonsevne, har diakoniutvalet i samarbeid med Kulturkontoret sendt ut brev med personleg invitasjon og hatt ansvar for kyrkjekaffien denne dagen. Ca 50 personar deltok på dette.

Elles blir kyrkjelydssalen gjerne nytta til minnesamvær etter gravferder. Soknerådet har hatt ansvar for 7 (7) minnesamvær i 2017. Det er to arbeidslag som skiftar på å ta seg av det praktiske. I desse arbeidslaga deltek 19 personar, og til ei minnestund trengst det 5-7 personar. Derfor er det alltid lett å få folk til å stilla opp.

Dei som er med, gjev ofte uttrykk for at det er godt og meningsfylt å vera med i denne tenesta.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Vikøy kyrkje. I etterkant har det kome positive tilbakemeldingar på å ha denne gudstenesta nettopp i Vikøy sidan kyrkjegarden ligg der og ein samstundes kan besøke grava og tenne lys.

Våren 2016 tok Øystese sokneråd initiativ til å utarbeide ein Diakoniplan for Kvam. Denne planen har ein generell del som er felles og som synleggjer diakonien sin plass i kyrkja. Planen er tufta på Jesus sine omsorgsfulle ord til den blinde mannen ved Jeriko: «Kva vil du eg skal gjera for deg?» Hovudområda i planen byggjer på *nestekjærleik* og *inkluderande fellesskap* og på *vern om skaparverket* og *kampen for rettferd*. I tillegg følgjer ein lokal diakoniplan for kvart av dei ulike sokneråda. Til slutt i planen har ein sett opp nokre diakonale fellestiltak som ein samarbeider om mellom dei ulike sokneråda. Vikøy sokneråd ynskjer å skape rom der menneske kan vekse i trua og bygge fellesskap kor alle kan kjenne at dei høyrer til. Vikøy sokneråd vil arbeide for å få status som «Grøn kyrkjelyd» der ein set i verk tiltak som gjer at ein har meir fokus på å verne skaparverket og auka kampen for rettferd i verda.

### **Kyrkjeringar**

Dei to kyrkjeringane har som før spesiell omsorg for kyrkja både økonomisk og i bøn. Tolo kyrkjering (møtestad på dåpsrommet) har om lag 10 (10) medlemmer. Norheim kyrkjering (møtestad privat) har 7 (6)

medlemmer.

## **Misjonsarbeid**

Mange ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet. Det vil bli teke opp takkoffer til misjonsorganisasjonen minst fire gonger i året. Russen på Framnes støttar skuleåret 2017/18 også HimalPartner. I samband med at to elevar frå russen har vore på besøk til Nepal, vil desse også delta på ei konfirmantsamling og orientera om det dei har sett og opplevd.

### **«Ein god dag».**

«Ein god dag» blei arrangert siste veka i mai/første i juni. Det vart sett av to dagar til å hjelpe folk med ulike praktiske oppgåver som maling, hagearbeid og opprydding ute. Også eldre folk på institusjonar i Norheimsund fekk tilbod om ein luftetur (gåtur/trilletur) eller biltur. Tilbodet har blitt godt motteke av dei som har brukt det. I år var veret på vår side, og dei som ynskte det fekk ein fin føremiddagstur eller ettermiddagstur til Norheimsund på kafé og langs strandpromenaden eller ein kortare luftetur rundt Toloheimen. Fleire velvillige stilte opp og gav uttrykk for at det hadde vore kjekt å vere med på eit slikt tiltak. Vikøy sokneråd har delteke på «Ein god dag» saman med Indremisjonen i Norheimsund og soknerådet i Øystese. Eli S. Tveitane er leiar for gruppa.

## **Konsertar**

Det har vore 9 (10) konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre i 2017. Totalt har konsertane samla 1061 (1120) tilhøyrarar. I tillegg har det vore halde 4 konsertar/musikkandaktar i regi av kyrkjelyden med 513 tilhøyrarar.

## **Open kyrkje**

I sommarmånadane (juni-juli) fungerer Vikøy kyrkje som open kyrkje. Totalt var kyrkja open 54 dagar. Det er privatpersonar som organiserer med å opne og stenge kyrkja i denne perioden.

## **Kyrkjeblad for Kvam og Jondal**

Kyrkjebladet dekkjer Kvam og Jondal (ikkje Strandebarm). Staben på kyrkjekontoret saman med Olav Reite og Arne O. Øystese utgjer redaksjonsnemnda med kyrkjeverje Olav Skeie Lid som redaktør.

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr i året. Gåve-/frivillig abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser. I 2017 har kyrkjebladet opplevd eit overskot på kr 53 828,-.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben redaktøren og redaksjonsnemnda har gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

## **Soknerådet sin økonomi**

Økonomien til soknerådet er stabil. Me går med eit lite underskot dette året. Om lag 20 % av innsamla midlar går til eige arbeid.

Norheimsund, 6. mars 2018

For Vikøy sokneråd

## Halvårsplan for Vikøy SR 2018

Versjon 21.01.18

Månad	Dato	Arrangement	Tema	Ansvar o.l
Januar	7.	Gudsteneste Nhs. Kl.11	Kristi openberringsdag, Misjon Offer til HimalPartner	Enkel kyrkjekaffi
	10.	AU		
	23.	Soknerådsmøte	Offersøknader Halvårsplan for våren 2017 Tidspunkt for årsmøte Førebels program bispevisitas Diakoniplan (utsett)	
	21.	Gudsteneste Nhs. Kl 11	Offer til Bibeldagen 2018 (Bibelselskapet)	Enkel kyrkjekaffi
	27.- 28.	Tårnagentene i Øystese kyrkje	Felles arrangement for Nhs og Øystese	Solveig Sangolt, Rebecca Opsahl- Engen med fl.
	31.	Temakveld i Nhs.	Situasjonen til kristne i Syria og Irak ved Kari Fure	Ingvill, Roar, Nancy m.fl.
Februar	4.	Gudsteneste i Nhs kl 11.		Enkel kyrkjekaffi
	11.	Gudsteneste Nhs. Kl .11		Fastelavenssundag Tilrettelagt for dei med nedsett funksjonsevne Diakoniutval lagar bollar/kaffi
	14.	Vikøy kyrkje kl 19.00		Askeonsdag, fastetida
	16.	Kyrkjekino	5. klasse Nhs og Øystese	Solveig Sangolt, Astyrid H. Fylkesnes m.fl.
	18.	Gudsteneste i Nhs kl 11		Enkel kyrkjekaffi
	27.	AU		
Mars	4.	Gudsteneste i Nhs kl 11.		Enkel kyrkjekaffi
	6.	Soknerådsmøte	Førebu årsmøte: årsmelding, budsjett, rekneskap, årsplan, diakoniplan Fasteaksjonen (eigen komité) Konfirmantfesten (setje ned komité) Bispevisitas - program	
	11.	Gudsteneste i Nhs. kl 19.		Ung messe

				Info om Framnesrussen sitt prosjekt i Nepal
	14.	<b>Fellesrådsmøte</b>		
	18.	<b>Gudsteneste Nhs kl 11.</b>	Årsmøte med kyrkjekaffi + årsmøtesaker Diakoniplan Drøfting	SR ansvar for kyrkjekaffi
	20.	<b>Fasteaksjonen</b>		Marna + 3 frå soknerådet i eigen komité. På aksjonsdagen hjelper SR, konfirmantar og foreldre til
	27.	<b>SR ?</b>	Evaluering fasteaksjonen Konfirmantfestkomite Parkeringsvakter konfirmasjon i Nhs Visitasmelding	
<b>April</b>	1.	<b>Gudsteneste kl. 11</b>		1. påskedag
	15.	<b>Gudsteneste Nhs kl 11</b>		Enkel kyrkjekaffi
	17.	<b>AU</b>		
	29.	<b>Gudsteneste i Vikøy kl 19</b>		Keltisk preg
		<b>Krølletreff?</b>		
<b>Mai</b>	2.	<b>Samtalegudsteneste i Nhs Kl 18 Konfirmantfest</b>	Komité frå SR ansvar for festen Mat, program. SR hjelper til	Soknerådet ansvar for fest
	8.	<b>Soknerådsmøte</b>		
	10.	<b>Friluftsgudsteneste Tjønshaugtjørn</b>		
	13.	<b>Konfirmasjonsgudsteneste Nhs; kl 10 og 12</b>		Ekstra parkeringsvakter
	16.	<b>AU?</b>		
	20.	<b>Gudsteneste i Nhs kl 11. 1. pinsedag</b>		
	29.	<b>Kyrkjelydsfest i Nhs kyrkje Variert kulturelt program</b>	Kl. 19	Olav m. fl.
	30.	<b>Møte mellom biskopen og sokneråda</b>	Kyrkjelydshuset i Strandebarm kl 18.30	Ansvar: Strandebarm
<b>Juni</b>	3.	<b>Gudsteneste i Nhs kl 11. Bispevisitas</b>		SR/Kyrkjekontoret ansvar for kyrkjekaffi
	5.	<b>AU</b>	Ny kyrkjevert- og klokkekarliste Plan for hausthalvåret	

	10.	<b>Gudsteneste Vikøy kl 11</b>		Folketonemesse, trebåtfestivalen
	19.	<b>Soknerådsmøte</b>	<b>Brannøving/evakuering</b>	
	24.	<b>Gudsteneste Nhs Kl 11.</b>		Enkel kyrkjekaffi
<b>Juli</b>	.	<b>Gudsteneste i Nhs. kl 11.</b>		
	.	<b>Gudsteneste i Nhs kl 11</b>		